



Austrheim
KOMMUNE

Lærningstrategi **2022-2026**

Versjon 1.1

opne landskap - ope sinn

Innhald

1.	Innleiing.....	3
1.1.	Praksiskandidat	4
1.2.	Lærekontrakt.....	4
2.	Samarbeidshjulet	4
3.	Fagområde.....	5
4.	Møte utfordringar uteva i kompetanseplan	5
5.	Mål og delmål	6
6.	Opptrappingsplan.....	6
7.	Rammer for samarbeid	7
7.1.	Opplæringskontoret i Nordhordland	7
7.2.	Samarbeidsavtale med vidaregåande skular	7
7.3.	Fylkesopplæringskontoret i Vestland.....	7
7.4.	Samarbeid med private aktørar.....	7
8.	Suksesskriterier.....	8
9.	Nasjonale føringar ved offentlege innkjøp	8
10.	Organisering av lærlingordninga	8
11.	Rammer og evaluering	9
11.1.	Politisk handsaming.....	9
11.2.	Ansvarlege ressursar.....	9

1. Innleiing

Austrheim kommune ønskjer med denne planen å ha ein tydeleg plattform for vidare oppfølging og utvikling av lærlingordninga i kommunen. I Noreg ligg lærlingordninga på nivå for vidaregåande opplæring i utdanningssystemet og er omfatta av Opplæringslova, vidaregåande opplæring i bedrift Kap 4 §4-1 til 4-14.

Lærlingstrategien går inn som del av kompetanseplanen til Austrheim kommune for perioden 2022–2026.

Austrheim kommune som arbeidsgjevar er ein av dei største aktørane for lærlingordninga i kommunen og tilbyr lærlingløp for unge tilhøyrande i Austrheim. Kommunen er gjennom ordninga med på å forme unge menneske som framtidige fagarbeidarar. Når lærlingane kjem inn i dei ulike avdelingane og ser kommunen sine måtar å jobbe på med nye auge, gjev det kommunen ein unik sjanse til å reflektere over eigen praksis. Fagansvarlege får kurs og opplæring og kompetanseheving. Lærlingane vil kunne spele ei viktig rolle i kommunen sin rekrutteringsstrategi når det gjeld framtidig kompetansebehov. Lærlingordninga er ein viktig del av det norske utdanningssystemet.

Det er naudsynt å møte det framtidige behovet for faglært arbeidskraft i kommunen og viktig å sikre at ungdom busett i kommunen får tilgang på læringsplass lokalt.

KS har rådd til at kommunane bør ha minst 2 lærlingar per 1000 innbyggjarar. Austrheim kommune har over dobbelt så mange lærlingar enn normtalet til KS per 2020.

Det er to hovudvegar til å bli kvalifisert til arbeid gjennom praksis og teori i kombinasjon på vidaregåande skule nivå i Noreg:

- 1) **LÆRLING** Ein lærling er ein arbeidstakar under utdanning og det inneber at ein får opplæring i eit fag som fører fram til eit bestemt yrke og at ein får fag- eller sveinebrev i faget.
- 2) **LÆREKANDIDAT** Ein lærekandidat får opplæring i delar av læreplanen ut får individuelle evner. Målet er at lærekandidaten skal oppnå så høg kompetanse som mogleg og bli best mogleg kvalifisert for arbeidslivet. Utdanningsløpet er for dei som har behov for spesialtilpassa vidaregåande utdanning for å oppnå ein yrkeskvalifiserande utdanning og kunne ta del i arbeidslivet på sine vilkår. Som lærekandidat blir det skriven ein

opplæringskontrakt med sikte på ein mindre omfattande prøve enn fag og sveineprøve som i den ordinære lærlingordninga.

I tillegg er det tilbod til vaksne som tek fagbrev i kombinasjon med å vere yrkesaktive som tilsett i Austrheim kommune.

1.1. PRAKSISKANDIDAT

Praksiskandidatordninga er regulert i Opplæringslova § 3-5. Dermed er det mogleg å ta fag- eller sveineprøve på grunnlag av allsidig praksis i faget. Det er til ein kvar tid tilsette i Austrheim kommune som på eiga hand, i kombinasjon med ordinært arbeid, fullfører utdanning mot fagbrev innan dei ulike fagområda for fagbrev.


1.2. LÆREKONTRAKT

For vaksne som ikkje har lang praksis i faget er det likevel mogleg å ta fagbrev gjennom å inngå lærekontrakt. Læretida vil varierer ut i frå det samla grunnlaget ut frå gjennomført teori og praksis.

På heimesida til Austrheim kommune ligg det informasjon om lærlingordninga og dei ulike fagområda. Austrheim kommune har også tilgjengeleg informasjon for lærlingar på andre digitale plattformar som Facebook, LinkedIn og Instagram.

2. Samarbeidshjulet

Austrheim kommune er ein av fleire aktørar i lærlingordninga, som vist under.



3. Fagområde

Austrheim kommune er per 01.03.2022 godkjent lærebedrift i:

- Byggdriftarfaget
- Ernæringskokkfaget
- Service- og administrasjonsfaget
- Barne og ungdomsarbeidarfaget
- Helsefagarbeidarfaget

TAF HELSE

Austrheim kommune har ein forpliktande samarbeidsavtale med Knarvik vidaregåande skule om TAF Helse. Kommunen tilbyr nødvendige læreplassar, der elevane skal få praksisen i opplæringsløpet.

Opplæring som TAF skjer i samarbeid mellom den vidaregåande skulen og kommunen. Etter 4 år oppnår elevane dobbelt kvalifikasjon; både fagbrev og studiekompetanse med fordjuping i matematikk og fysikk. Den teoretiske opplæringa får dei i skulen, den praktiske opplæringa får dei ved ein av samarbeidsbedriftene i TAF ordninga. Dei første to åra har ein status som elev, dei to siste åra er ein lærling med lærekontrakt.

4. Møte utfordringar uthøva i kompetanseplan

Austrheim kommune vel å ha ein strukturert og tydeleg lærningstrategi som kan bidra positivt til å møte utfordringar som kjem fram i kommunen sin kompetanseplan for 2022–2026.

- Få inn underrepresenterte kjønn på dei ulike fagområda. Kommunen ønskjer gjerne kvinner inn på teknisk og menn inn i barnehage/skule og helse/omsorg.
- Det er eit behov for å auke tal fagarbeidrarar innan barne- og ungdomsarbeidarfaget frå dagens nivå og heve kompetanse på dei tilsette gjennom å ta fagbrev.
- Det er eit behov for å auke tal fagarbeidrarar innan helse/omsorg frå det nivået ein har i dag for å møte auka omsorgsbehov, særleg for aldersgruppa 80+.
- Skape meir lokal tilknyting og byggje attraktivt omdømme.
- Utdanne til yrke som er etterspurt for Austrheim kommune.

- Inntak av lærlingar kan vere ein del av løysninga for å erstatte dei seniorar som går av med pensjon. Alderssamansetjinga blant dei kommunalt tilsette tilseier at det er behov for nye tilsette når denne aldersgruppa takkar av.
- Det er auka behov for fagarbeidrarar i regionen og planen kan stimulera til samarbeid mellom næringsutvikling og kompetansebehov i regionen.
- Det er eit mål å redusera kompetanseflukt til omkringliggende kommunar gjennom å skape attraktive lærlingarenaer og arbeidsplassar i Austrheim.

5. Mål og delmål

Lærlingstrategien i Austrheim kommune skal underbyggja og stimulera til at kommunen som arbeidsgjevar skal innfri samfunnsoppdraget som ein arena for kvalifisering av ungdom til arbeid. Austrheim kommune følgjer dei nasjonale krav og føringar om behov for fleire lærepllassar regionalt med målsetjing om å oppfylle samarbeidsavtalen med fylkeskommune og regionale lokale aktørar.

Kommunen ønskjer å vere ein rekrutteringskanal både som eigen arbeidsgjevar og for andre bedrifter lokalt i Nordhordland. Som arbeidsgjevar er det viktig for kommunen å utvikla seg og ta til seg nye impulsar og tilpasse seg endringar slik at ein kan bli ein lærande organisasjon. Kommunen ønskjer å tilby eit velfungerande og variert tilbod som eit verkemedel for å hindra utanforskap for ungdommar.

Austrheim kommune har som mål om å auke tal lærlingplassar frå 9 – 12 innan 2024.

6. Opptrapplingsplan

Austrheim kommune skal iverksette følgjande opptrapplings- og utviklingsplan frå 2022:

1. Auke tal lærepllassar frå 9 til 12.
2. Utvikle og vedlikehalde samarbeidet med alle aktørar i prosessen; lærlingar, instruktørar, fagleg ansvarlege, leiarar og opplæringskontor.
3. Gje god opplæring og bistand til instruktørar slik at det er attraktivt å vera instruktør og lett å rekruttere nye.
4. Det vert prøvd å leggje til rette for at kvalifiserte og eigna lærlingar i Austrheim kommune får tilbod om 100% fast stilling når læretida er ferdig og fagprøve er bestått.
5. Det kan setjast av inntil 3 lærlingplassar for vaksne utan ungdomsrett frå og med 2022. Dette er ei aukande gruppe som kan bestå av vaksne som fell utanfor norm eller personar med minoritetsbakgrunn som tek fagbrev i

vaksen alder. Tal vurderast etter behov i samarbeid med Opplæringskontoret eller Vestland fylke.

7. Rammer for samarbeid

Austrheim kommune har eit føremål å vidareføre eksisterande samarbeidslinjer med regionalt opplæringsapparat, utdanningsinstitusjonar og næringsliv i Nordhordland

7.1. OPPLÆRINGSKONTORET I NORDHORDLAND

Austrheim kommune er medlem av Opplæringskontoret i Nordhordland. Opplæringskontoret skriv lærekontrakt med lærlingen og Austrheim kommune står som læreverksemde. Det etablerte samarbeidet med Opplæringskontoret fungerer godt og dei har faste møtepunkt og samarbeidsområde. Kommunen har ein eigen lærlingkoordinator som er ansvarleg for å koordinere samarbeidet. Kommunalt fagleg ansvarlege og instruktørar får eit ekstra økonomisk tillegg for rolla. I tillegg får ein kursing i rolla av Opplæringskontoret.

7.2. SAMARBEIDSAVTALE MED VIDAREGÅANDE SKULAR

Austrheim kommune har ein overordna samarbeidsavtale med Austrheim vidaregåande skule, Knarvik vidaregåande skule og Osterøy vidaregåande skule. Avtalane gjeld for eitt år om gongen og vert automatisk fornya 31.12. Austrheim kommune samarbeidar særskilt med inntak av TAF elevar og lærlingar i helsefagarbeidarfaget. Dette er ei 4-årig utdanning som fører fram til fagbrev som helsefagarbeidar og gjev særskild studiekompetanse i realfag.

7.3. FYLKESOPPLÆRINGSKONTORET I VESTLAND

Austrheim kommune tilbyr oppfølging og bistand til fagprøve for fast tilsette som ønskjer vidareutdanning til fagbrev gjennom samarbeid med Fylkesopplæringskontoret.

7.4. SAMARBEID MED PRIVATE AKTØRAR

Det er eit mål for Austrheim kommune at alle ungdommar som ønskjer det skal få lokal lærepllass. For å få dette til er det ikkje nok at kommunen åleine aukar talet på lærlingplassar. Eit godt samarbeid med næringslivet i Nordhordland er viktig for å få auka talet på lærlingplassar lokalt i kommunen og regionen. Austrheim kommune arbeidar aktivt med Nordhordland næringslag og medlemsbedrifter i Opplæringskontoret Nordhordland, Vestland fylkeskommune og andre aktørar for å stimulere andre offentlege og private verksemder til å opprette tilstrekkeleg tal

lærlingplassar.

8. Suksesskriterier

Austrheim kommune og Opplæringskontoret i Nordhordland har saman definert nokre viktige suksesskriterier for samarbeidet kring lærlingordninga :

- Godt samarbeid med jamleg og forpliktande dialog
- Tilstrekkeleg tilgang på instruktørar
- Budsjettmidlar til å løne lærlingane
- Tilstrekkeleg med arenaer for praksis
- Kursing og kompetanseheving
- Evaluering

9. Nasjonale føringer ved offentlege innkjøp

Lov om krav til lærebedrift ved offentlege innkjøp vart vedteken i 2016 for å stimulere til å auka talet på lærlingar.

Lov om offentlege innkjøp vart vedteke av Stortinget den 13.06.16. Det inneber «bruk av lærlingklausul for tenestekontrakter og kontraktar om byggje- og anleggsarbeid.» I §7 i lova står det at oppdragsgjever har plikt til å stille krav om bruk av lærling. Lova vil med dette sikre at arbeidet blir utført av bedrifter som har lærlingar i praksis. Dette for å stimulera til at næringslivet tilbyr fleire læreplassar. Austrheim kommune føl forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlingar ved offentlege innkjøp for lokale aktørar.

10. Organisering av lærlingordninga

Austrheim kommune som godkjent lærebedrift har ansvar for organisering opp mot Opplæringskontoret i Nordhordland. Austrheim kommune koordinerer inntak og kontraktar gjennom ressursar i personalavdelinga og dei ulike ansvarlege seksjonar/einingar i kommunen. Som arbeidsgjever har kommunen styringsrett over lærlingen i tråd med lovverket i Arbeidsmiljølova, Opplæringslova, Ferielova, Hovudtariffavtalen m.m. Det skal utarbeidast arbeidsavtale og lærlingen skal følgje arbeidsreglementet i kommunen som tilsett.

Opplærings- og helseutvalet per 14.05.2013 set krav om obligatorisk opplæring av faglege leiarar. Fagleg leiar skal gjennomføre kurs i regi av Vestland Fylkeskommune innan 1 år etter godkjenning.

11. Rammer og evaluering

11.1. POLITISK HANDSAMING

Strategi for lærlingar i Austrheim kommune vert lagt fram for politisk handsaming våren 2022 og vert deretter implementert av administrasjonen.

11.2. ANSVARLEGE RESSURSAR

Kommunedirektør er overordna ansvarleg for lærlingordninga i kommunen i samarbeid med ressursar frå personalavdelinga. Personalrådgjevar er koordinator mellom dei ulike partar.

Denne plan skal evaluerast i løpet av 2024.

Vedteken i ADM-utvalet xx.xx.2022 og i KS xx.xx.2022

Versjon 1.1